Møtepapir
Årsmøte
Utdanningsforbundet Bokn

22.mars 2023 19.00

Boknahåve, Bokn Arena

Sak 1 Konstituering

1.1. Godkjenning av innkalling

Innstilling til vedtak: Innkallinga vert godkjent

1.2. Val av dirigentar

Innstilling til vedtak: Som dirigent vel me Merete Alvestad

1.3. Val av protokollunderskrivarar

Innstilling til vedtak: Som protokollunderskrivarar vel me Merete Alvestad og Anne Lisabeth Jøsang

1.4. Sakliste

Sak 1 Konstituering

1.1. Godkjenning av innkalling
1.2. Val av dirigent
1.3. Val av protokollunderskrivarar
1.4. Godkjenning av sakliste
1.5. Godkjenning av møtereglement
1.6. Godkjenning av valreglement

Sak 2 Valg

2.1. Val av leiar i lokallagsstyret
2.2. Val av hovudtillitsvald etter hovudavtalen i KS
2.3. Val av 1 anna medlem til lokallagsstyret
2.4. Val av 2 varamedlem til lokallagsstyret
2.6. Val av valkomité

2.7 Val av delegatar til fylkesårsmøtet i Rogaland

Sak 3 Årsberetning og rekneskap frå lokallagsstyret 2022

Sak 4 Vedta retningslinjer for arbeidet i kommande årsmøteperiode

Sak 5 Handsama budsjett

Sak 6 Forslag av andidater til verv i fylkesstyret

Sak 7 Forslag av kandidater til sentrale verv i Utdanningsforbundet

Innstilling til vedtak: Saklista vert godkjend

1.5. Godkjenning av møtereglement

1. Lokallagsleiar opnar møtet og leier møtet inntil møteleiar er vald.

2. Årsmøtedeltakarar som ynskjer ordet, viser det til møteleiaren. Ynskjer ein ordet til dagsorden, saksopplysning eller replikk, visast dette særskilt. Saksinnleiarar og styremedlemmar kan få ordet utanom talelista for å svare på spørsmål eller gi saksopplysningar.

3. Forslag skal leverast skriftleg og underteiknast med namn. Alle forslag skal vere referert før strek vert sett. Nye forslag kan ikkje fremmast i ei sak etter at det er gjort vedtak om at strek er satt. Forslag kan då heller ikkje trekkast tilbake.

4. Alle forslag frå styret eller forslag som er sendt inn frå klubber til årsmøtet innan fristen, blir vedteke med simpelt fleirtal. Nye saker må ha kvalifisert (2/3) fleirtall. Årsmøtet må òg, med 2/3 fleirtall, vedta at saker utanom sakslista skal handsamast. Møtet avgjer voteringsmåten.

Innstilling til vedtak: Møtereglementet vert godkjent

1.6. Godkjenning av valreglement

1. *Leiar skal veljast for eitt år.*
2. *Hovudtillitsvald skal veljast for eitt år.*
3. *Vara-HTV skal veljast for 1 år.*
4. *Nestleiar skal veljast for 2 år*
5. *Styremedlemmane skal veljast for 2 år.*
6. *Varamedlemmane skal veljast for 2 år*
7. *Valnemnda skal ha 2 medlemmar og ein varamedlem, dei som går ut av styret går inn i valnemnda.*

«I henhold til vedtektene § 15.2 skal lokallagsstyret (…) settes sammen med en rimelig representasjon fra de ulike medlemsgruppene og minst én lederrepresentant». (https://www.utdanningsforbundet.no/om-utdanningsforbundet/vedtekter-strategier-og-retningslinjer/retningslinjer/retningslinjer-for-arsmoter-i-lokallag--sammensetning-valg-og-valgreglement-delegatmote/)

Innstilling til vedtak: Valreglementet vert godkjent

1.7. Valg av møtefunksjonærar

Innstilling til vedtak: Som møtefunksjonærar vel me

Referent: Bianca M. Alvestad

Innstilling til vedtak: Referenten vert godkjend

Sak 2 Val

Valkomiteen har vore:

Valentina Everte, Bokn Skule

Margrete Dale, Bokn Skule, vara

Valkomiteen sin innstilling til nytt lokallagsstyre, hovudtillitsvald, og varamedlemmar til lokallagsstyret. Innstilde kandidatar er markerte med gult. Dei utan fargemarkering er altså **ikkje på val** på dette årsmøtet.

Lokallagsleiar:	Merete Alvestad, grunnskule
Nestleiar:	Anne Lisabeth Jøsang, leiar grunnskule
Hovudtillitsvald:	Merete Alvestad, grunnskule
Styremedlem:	Tone Børgesen, barnehage
Styremedlem:	Julianne Nilssen, barnehage
Styremedlem:	Gina Alvestad, barnehage

1.varamedlem: Sigrunn Hole Hosaas (pensjonistkontakt)
2.varamedlem: Valentina Everte

1.1. Val av leiar i lokallagsstyret

Valkomiteen si innstilling til vedtak:

Merete Alvestad, grunnskule

2.2. Val av tillitsvald etter hovudavtalen i KS

Valkomiteen si innstilling til vedtak:

Merete Alvestad, grunnskule

2.3. Val av eitt anna medlem til lokallagsstyret:

Valkomiteen sitt innstilling til vedtak:

Styremedlem: Gina Alvestad, barnehage

2.4. Val av to varamedlem til lokallagsstyret:

Valkomiteen sitt innstilling til vedtak:

1.varamedlem til styret: Sigrunn Hole Hosaas, grunnsk/pensj

2.varamedlem til styret: Valentina Everete, grunnskule

2.5. Val av valkomité i Utdanningsforbundet Bokn for kommande årsmøteperiode

Lokallagsstyrets innstilling til vedtak:

Medlemmar: Bianca Alvestad, grunnskule

Medlemmar: Emilie Danielsen

Varamedlem: Margrete Dale

2.6 Val av delegatar til Fylkesårsmøte

Lokallagsstyrets innstilling til vedtak:

Merete Alvestad, grunnskule

Julianne Nilssen, barnehage

Sak 3 Handsama melding og rekneskap frå lokallagsstyret

Årsmelding 2022

Utdanningsforbundet Bokn er eit lokallag under Utdanningsforbundet som er ein partipolitisk uavhengig fagforeining for pedagogisk personale innafor alle utdanningsnivå. Lokallaget har kontor i Bokn på Bokn Skule. Medlemstalet var pr. 31.12.22 35 stk. Dette er same tal som førre årsskifte. Styret har lagt til grunn forutsetninga om fortsett drift for framlegging av årsrekneskapen. UDF Bokn har i resultatrapporten for 2022 eit overskot på kr 1181.

I 2022 har styret hatt 6 styremøte der me har drøfta og behandla ein del saker som gjeld barnehage og skule, drift av organisasjonen, oppfølging av medlemmar, arrangement og nye planar og lovar. Det har vore klubbmøter for medlemmane i barnehagen og i skulen. Medlemmar i lokallaget deltok i streikemarkeringar i Haugesund hausten 2022.

Utdanningsforbundet Bokn er med i eit nettverkssamarbeid med Tysvær, Haugesund, Utsira, Karmøy og Vindafjord. Her deltok leiar og HTV i møter som dei ulike lagsleiingane hadde ansvar for, og Bokn var vertsskap for nettverksmøtet i april.

I 2022 har lokallagsleiar og HTV vore på kurs og samlingar i regi av Utdanningsforbundet Rogaland og Utdanningsforbundet sentralt på teams og på fylkesnivå ved oppmøte. Nestleiar deltok på kurs for tillitsvalde leiarar i månadsskiftet november/desember.

Medlemmar med lengre sjukefråvær er blitt følgt opp med blomar. Til jul fekk medlemmane tilbod om å få delvis sponsa konsert med VAMP. Dei som ikkje ønskte dette, fekk ei julegåve bestående av profileringsmateriell; badehandklede og handlenett. Nyutdanna og nytilsette fekk velkomstgåve.

Utdanningsforbundet Bokn har støtta ein del trivselsbringande tiltak for medlemmene i løpet av året. Dette har blant anna vore frisk frukt på jobb på skulen, og ullklede for dei som jobbar i barnehagen. Me ønska godt nytt år med ei helsing og ei lita gåve på skulen, som på den tida var delt og hadde store utfordringar på grunn av bygging av ny skule. Barnehagedagen og Lærardagen vart markert med helsingar, plakatar og litt knask.

Utdanningsforbundet i Bokn har ingen tilsette, men me har frikjøp for hovudtillitsvald i til saman 8,7 % som kommunen dekker og for lokallagsleiar 20% som Utdanningsforbundet sentralt dekker. Sjukefråværet for dei tillitsvalde har vore lågt, og det har ikkje vore skader eller ulykker knytt til drifta i 2022.

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Me er eit lite lokallag med berre ein skule og ein barnehage. Me har difor kombinert lokallagsleiar og hovudtillitsvald. Utdanningsforbundet Bokn har som mål å vera ein arbeidsplass der det råder full likestilling mellom kvinner og menn, men ettersom det ikkje på valtidspunktet kun var 1 organisert mann i fast jobb i kommunen, var det ikkje råd å få menn med i styret.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilete av organisasjonen sine eigedeler og gjeld, finansielle stilling og resultat. Årets resultat er disponert som angitt i årsrekneskapen

Vedtak: Årsmøtet tok lokallagsstyret si melding til orientering. Årsmøtet godkjende rekneskapen

Sak 4 Vedta retningslinjer for arbeidet i kommande årsmøteperiode

Aktivitet	**Tid**
Pensjonistarbeid, samarbeid med Tysvær og Haugesund	Heile perioden
Samarbeid med lokallaga i nettverk nord om felles arrangement	Heile perioden
Politisk påverkingsarbeid	Heile perioden
Klubbmøte kring aktuelle emne	Minst 2 gonger i året på dei ulike arbeidsplassane
Medlemsmøte/arrangement saman med alle laga i nord-fylket Eirik J. Irgens Den norske Frihetsmaskinen med Harald Eia og Magnus Marsdal	*19.april i Haugesund* *3.oktober i Tysvær*
Diverse kurs for medlemmar i regi av Utdanningsforbundet	Heile perioden
Julemøte med mat	November 2023

Innstilling til vedtak: Årsmøtet vedtar retningslinjer for arbeidet i kommande årsmøteperiode

Sak 5 Handsama budsjett

	Utgifter	Inntekter
Opningsstatus 01.01.22		54 174
Overføring frå Utdanningsforbundet		69 683
Betaling for frukt – ikkje medlemmar		600
Profileringprodukt (post 7321)	10 000	
Medlemsmøter	25 000	
Bevertning ved årsmøte, nettverksmøte, medlemsmøte, klubbmøter og styremøte (post 7171)	25 000	
Møtegodtgjersle styre (post 5017)	14 000	
Kurs (post 7172).	20 000	
TV-aksjonen 2021 (post 7420)	1 500	
Diverse materiell / faglitteratur (post 6800 + 6841)	2 000	
Representasjon, gåver (frukt i skulen, ull i barnehage (post 7422)	15 000	
Inntekter:		124 457
Utgifter:	112 500	
Sluttsaldo pr. 31.12.		11 957

Innstilling til vedtak: Årsmøtet vedtek budsjettet

Sak 6 Forslag av kandidatar til verv i fylkesstyret

Innspel av namn til valkomitéen

Fylkesårsmøtet Rogaland 2023

Verv	Navn	Medlemsgruppe	Lokallag
Fylkesleder	Karin Elisabeth Kaald-Wathne	BHG	Strand
Nestleder	Espen Van Der Hoeven	GSK/LEDER	Sandnes
Kontaktperson grunnskole	Hogne Wathne Helgesen	GSK	Sandnes
Kontaktperson barnehage	Kari Holmøy	BHG	Stavanger
Kontaktperson videregående	Margareth Vatne Rønningsen	VGO	Sandnes
Kontaktperson FAS	John Eirik Nesheim	FAS	Stavanger
Kontaktperson UH	Kitty Marie Garborg	UH	Stavanger
Fylkesstyremedlem	Silje Taraldsøy Lise Renate Tistel Sveinung Kåre Fjelde Åshild Knutzen Jan-Hallvard Førde Elisabeth Eikeland Siri Skjæveland Mæland Bjørn Thore Brown	GSK/VGO BHG GSK VGO GSK BHG BHG VGO	Haugesund Suldal Strand Time Gjesdal Time Sola Stavanger
Vara fylkesstyremedlem	Julie Faldt Faurholdt Elin Flørecke Kjetland Elisabeth Fagerheim Moen	BHG GSK GSK	Utsira Haugesund Tysvær

	Signe Norbotten Stian Heimtun Vibeke Loe Dyrnes	GSK GSK VGO	Haugesund Karmøy Stavanger

Innstilling til vedtak: Årsmøtet vedtek styret sitt forslag til kandidatar til verv i fylkesstyret

Sak 7 Forslag av kandidater til sentrale verv i Utdanningsforbundet

Alle i årsmøtet har anledning til å foreslå kandidatar til sentrale verv. Alle som vert foreslått må vera spurde om å stilla og ha sagt ja. Unntaket er dei som allereie innhar eit sentralt verv. Dei kan ein foreslå utan å ha spurt.

Innstilling til vedtak: Foreslåtte kandidatar som får fleirtal i årsmøtet vert valde.